

Prognose for tilgang av norsk korn for sesongen 2018/2019

12. september 2018

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar om nødvendig import av råvarer. Prognosar er grunnlaget for gjennomføringa av desse tiltaka og tilrådingane. Septemberprognosen gir bransjen oppdatert informasjon først og fremst om tilgangen av norsk korn.

Tilgangsprognose

Prognosert tilgang til industrien pr. september byggjer på arealprognose og oppdaterte estimerte avlingar pr. dekar korrigert for korn som går til såkorn og leigemaling.

Arealprognosen er uendra i forhold til augustprognosen, basert på tolking av såkornomsetninga hausten 2017 og vinteren 2018. Arealprognosen er meir usikker enn i tidlegare år og tilgangstala så langt kan tyde på at rugprognosen er for optimistisk.

Andelen matkorn er justert ned i forhold til augustprognosen. Størst nedgang er det for rug, der auka kvantum rugkveite, som blir brukt til fôr, dreg matandelen for rug/rugkveite ned. Utviklinga for rugkveite framgår av tabell i vedlegg.

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgang av norsk korn til matmjøl- og kraftfôrindustrien for sesongen 2018/2019:

Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2013-17	Tilgang 2017	Prognose 2018	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	182 000	148 700	75 000	41 %	50 %
Fôrkveite	161 000	236 300	41 000	25 %	17 %
Kveite i alt	343 000	385 000	116 000	34 %	30 %
Matrug	23 000	21 100	5 400	23 %	26 %
Fôrrug/rugkveite	15 000	29 400	6 600	44 %	22 %
Rug i alt	38 000	50 500	12 000	32 %	24 %
Bygg	520 000	545 500	370 000	71 %	68 %
Havre	272 000	270 000	136 000	50 %	50 %
Korn totalt	1 173 000	1 251 000	634 000	54 %	51 %
Erter	3 000	3 800	6 000	200 %	158 %
Oljefrø, åkerbønner	10 000	10 300	4 000	40 %	39 %
Korn, erter, oljefrø	1 186 000	1 265 100	644 000	54 %	51 %
Matandel kveite	53 %	39 %	65 %		
Matandel rug	61 %	42 %	45 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Tilgangen av korn er justert ned med 12 000 tonn i forhold til august og tilgangen av erter, oljefrø og åkerbønner med 2000 tonn.

Avlingsprognosar frå Norsk Landbruksrådgiving

Norske Felleskjøp har motteke oppdaterte avlingsanslag frå avdelingar i Norsk Landbruksrådgiving, som har vurdert den nye avlinga i forhold til avlinga i fjor.

Prognose for avling

Tabellen under viser historiske avlingar pr. dekar og prognosert avlingsnivå:

Avling, kg/dekar

Kornslag	2013	2014	2015	2016	2017*	Ti års snitt	Prognose 2018	I forhold til 2017
Kveite	389	492	574	465	539	454	242	45 %
Rug	422	625	635	509	605	491	348	58 %
Bygg	324	420	414	465	425	391	273	64 %
Havre	327	396	452	473	431	390	223	52 %
Totalt korn	338	439	479	468	461	410	255	55 %
Oljefrø	139	199	240	216	297	200	94	32 %


Fordeling av matkveite pr. proteinklasse

Fordelinga pr. klasse er :

	2017-18	Prognose sesong 2018-2019			
	Fordeling	Fordeling nytt korn 2018	Matkveite 2018-avling	Fordeling inkl overlagring	Tilgang (tonn)
Klasse 1	6,2 %	37 %	21 800	19 %	20 300
Klasse 2	2,9 %	6 %	4 400	4 %	4 100
Klasse 3	8,5 %	41 %	30 700	27 %	28 600
Klasse 4	82,5 %	5 %	6 800	40 %	42 900
Klasse 5		11 %	11 400	10 %	10 600
I alt	100,0 %	100 %	75 100	100 %	106 500

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Proteininnhaldet er svært høgt:



Tilgang av halm til husdyrfôr

Halm frå kornproduksjon blir ein viktig fôrressurs etter denne sommaren. Norske Felleskjøp har prognosert tilgangen av halm som blir pressa for omsetning som fôr til dyr. Utgangspunktet er at det er eit visst forhold mellom kornmengde og halmmengde på arealet. NIBIO har presentert tal for forholdet mellom mengde korn og mengde halm i Bioforsk Rapport Vol. 7 Nr. 67 2012 «Halm som biobrensel». NIBIO legg i utgangspunktet til grunn at forholdet mellom mengde halm og korn er om lag konstant. Tala frå NIBIO gjeld ved 10 cm stubbhøgde.:

Kornart	Forholdstall halm/korn, NIBIO	Forholdstall halm/korn, m/vekstregulering, NIBIO
6-radsbygg	0,58	0,51
2-radsbygg	0,65	0,53
Havre	0,76	0,64
Vårhvete	0,92	0,74
Høstkorn	0,57	-

Ved 20 cm stubbhøgde blir det tapt 20 – 30 % av halmtørrstoff i forhold til ved 10 cm.

Norske Felleskjøp legg til grunn at tørken i år har gitt ein effekt som stråkorting og i tillegg at halmmengda er redusert enda meir enn kornavlinga som følgje av tørken. I tillegg er det en del tap ved pressing pga. kort og veldig tørr halm. Erfaring frå halmpressinga tilseier også at halmmengda kan vere langt mindre enn det normale forholdstal viser.

Eit estimat må nødvendigvis bli svært grovt. Norsk landbruksrådgiving sine avdelingar har estimert andelen areal treska som korn der også halmen vert teken hand om og pressa. Dette indikerer at det blir pressa halm på 85 % av treska kornareal. I Norske Felleskjøp sitt anslag er det lagt til grunn at det i Trøndelag blir oppnådd tilnærma normale halmmengder og det blir lagt til grunn 0,6 kg halm pr kg treska korn i dette området. På Austlandet tek vi høgde for at forholda er svært variable og legg til grunn at det blir oppnådd mellom 0,15 og 0,3 kg halm pr. kg treska korn.

Dette grunnlaget tilseier at det vil vere tilgang til om lag 65 000 tonn halm frå Trøndelag og mellom om lag 71 000 og 142 000 tonn halm frå Austlandet, i alt mellom om lag 136 000 og 207 000 tonn for landet.

VEDLEGG

Oversikt over tilgang tidlegare år og prognosert for sesongen:

Tilgang korn (tonn)

	Matkveite	Førkveite	Total	Matrug	Førrug og rugkveite	Total rug/ rugkveite
2003/04	310 007	24 347	334 354	15 725	2 453	18 178
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
2015/16	147 734	324 001	471 735	36 591	29 532	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 664	236 336	385 000	21 064	29 436	50 500
16. august	79 000	43 000	122 000	7 000	4 000	11 000
Prognose	75 000	41 000	116 000	5 000	7 000	12 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner	Rugkveite ¹⁾
2003/04	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312	869
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	479 429	212 361	902 179	963	6 015	413
2014/15	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648	1 262
2015/16	474 394	268 737	1 280 989	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	545 500	270 000	1 251 000	3 825	10 300	17 058
16. august	373 000	140 000	646 000	6 000	6 000	
Prognose	370 000	136 000	634 000	6 000	4 000	

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

¹⁾ Blir rekna som førrug i statistikk og prognose